# Forretningsorden

**Framleggsstillar:** Fylkesstyret i Vestland SV – Sosialistisk Venstreparti

---

## 1.0 Samansetting av nominasjonsmøtet, og deltakarrettar

1.1 Utsendingar frå lokallaga og Vestland SU har fulle rettar på nominasjonsmøtet, altså tale-, framleggs-, og røysterett.

1.2 Lokallaga får 1 utsending for kvar påbyrja 30. medlemmer. Partiet sitt sentrale medlemsregister den 31.12.25 ligg til grunn for utrekninga.

1.3 Ingen lokallag kan ha over 40 % av det samla talet utsendingar frå lokallag.

1.4 Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 utsendingar med fulle rettar

1.5 Utsendingar som må forlate møtet må søkje om permisjon i My Meet. Om utsendinga har ein vara, må namnet på denne delast med ordstyrarane.

1.6 Kandidatane får talerett til å presentere seg, også om dei ikkje er utsending.

1.7 Tilsette får talerett for å svare på spørsmål og informere nominasjonsmøtet.

1.8 Nominasjonsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.

---

## 2.0 Konstituering

2.1 Nominasjonsmøtet er ope.

2.2 Etter framlegg frå fylkesstyret, vel nominasjonsmøtet to ordstyrarar og to protokollførarar.

2.3 Etter framlegg i møtet, vel nominasjonsmøtet to protokollunderskrivarar.

2.4 Etter framlegg i møtet, vel nominasjonsmøtet eit teljekorps på tre personar.

---

## 3.0 Framlegg og framleggsfristar

3.1 Frist for å levere endringsframlegg til vallista er 5 dagar før nominasjonsmøtet, altså måndag 02. november. Framlegg leverast skriftleg til vestland@sv.no.

3.2 Framlegg i andre saker, som til dømes forretningsorden og konstituering, må fremjast i det saka er oppe til handtering.

3.3 For at ein ny sak skal kunne handsamast på nominasjonsmøtet, må 3/4 av delegatane vere samd i at den skal handsamast.

---

**4.0 Innlegg og taletid**

4.1 Møtedeltakarane ber om innlegg eller replikk via My Meet.

4.2 Under alle punkt på dagsorden har utsendingane rett på inntil to innlegg. Første innlegg på inntil 3 minutt, og andre innlegg på inntil 2 minutt.

4.3 Det vert opna for ein replikk, og ein svarreplikk per innlegg. Replikkar skal ikkje overstige 1 minutt.

4.4 Alle som ikkje har norsk som morsmål kan få 1 minutt ekstra taletid.

4.5 Kandidatar som ikkje er utsendingar har inntil 3 minutt til å presentere seg.

---

**5.0 Votering**

5.1 Framlegg må ha alminneleg fleirtal for å bli vedteke. Det vil seie meir enn halvparten av dei avgjevne røystene. Blanke røyster vert ikkje rekna med. Når eit framlegg har fått alminneleg fleirtal, kan røystinga avsluttast.

5.2 Personval skal skje ved bruk av My Meet.

5.3 Om det i personval vert likt røystetal, skal det røystast ein gong til. Ved framleis likt røystetal, skal det avgjerast ved loddtrekking.

5.4 Dersom My Meet ikkje fungerer, skal nominasjonsmøtet gjennomføre personval med delegatskilta. Personval skal vere skriftleg, dersom ein av utsendingane krev det.

---